

## Til Linja AS og Mørenett AS sine leverandører

**Linja AS og Mørenett AS fusjonerer 08.03.2023.**

**Namnet på det nye selskapet blir Linja AS, og organisasjonsnummeret blir 912 631 532. Det er med andre ord Linja sitt navn og Mørenett sitt organisasjonsnummer som vert vidareført.**

Fram til nytt felles økonomisystem er på plass, vil vi i ein overgangsperiode måtte nytte begge dei to selskapa sine tidlegare økonomisystem. Det skapar utfordringar med mottak av EHF-faktura som vi treng hjelp av våre leverandører til å løyse.

Frå 08.03.2023 er det behov for **både** organisasjonsnummer og GLN-nummer for å rute faktura til rett system. EHF-faktura utan både organisasjonsnummer og GLN-nummer vil dessverre bli avvist av vårt aksesspunkt. *GLN (Global Location Number) er eit lokasjonsnummer som blir brukt til å eintydig identifisere handelspartnarar. GLN-nummeret består av 13 siffer.*

Merk dykk at frå same dag vil det ikkje vere mogleg å sende EHF-faktura til Linja AS sitt tidlegare organisasjonsnummer 984 882 114.

Følgande GLN-nummer og organisasjonsnummer må leggest inn på alle våre kundenummer i dykkar system:

**Gamle Linja AS: GLN-nummer 7080004341661 og organisasjonsnummer 912 631 532**

**Tidlegare Mørenett AS: GLN-nummer 7080003622099 og organisasjonsnummer 912 631 532**

For rettleiing for å registrere GLN-nummer og eventuelt endre organisasjonsnummer ta kontakt med systemleverandør.

**Det er ikkje alle leverandører som har system der ein kan legge inn GLN-nummer, og då må fakturaen sendast på e-post som PDF for å bli behandla av oss.**

Fakturaer som PDF kan de sende til desse e-postadressene:

Tidlegare Linja AS: [faktura@linja.no](mailto:faktura@linja.no)

Tidlegare Mørenett AS: [fakturamottak@morenett.no](mailto:fakturamottak@morenett.no)

Når du sender PDF-faktura må eventuelt vedlegg til fakturaen ligge i same PDF som fakturaen for at dei skal bli riktig lest av våre system.

Har du spørsmål, er du velkomen til å ta kontakt med [randi.arnestad@linja.no](mailto:randi.arnestad@linja.no) eller på tlf. 99 69 53 03 for tidlegare Linja eller [eva.aksnes@tussa.no](mailto:eva.aksnes@tussa.no), tlf. 92496402, for tidlegare Mørenett AS.

Beste helsing



Bente Fylken  
Økonomisjef